

Rettleiing om fullmakt

Skjemaet gjeld

stadfesting eller endring av fullmektigforhold.

Fagområde

Kryss av for om dei oppførte rettane tilhøyrrer varemerke-, design- eller patentområdet. Du kan ikkje føre opp rettar for meir enn eitt område per skjema.

Nummer på rettar

Før opp søknads-, registrerings- eller patentnummer. I tillegg ber vi om at varemerke-, design- eller patentnemninga blir teke med.

Gjeld fullmakta fleire rettar enn det er plass til i skjemaet, ber vi om at du legg ved ei liste over dei andre rettane.

Fullmektigendring

Kryss av dersom fullmakta inneber endring i fullmektigforholdet.

Fullmektig

Før opp namnet og kundennummeret til fullmektigen. Dersom fullmektigen ikkje har eit kundennummer i Patentstyret, må du føre opp ei korrespondanseadresse. Det er plass til fullmektigen sin logo nedst i skjemaet.

Avdelte/utskilde

Fullmakta gjeld også for eventuelle avdelte og utskilde søknader, men kvar avdelt eller utskild søknad skal innehalde ei tilvising til fullmakta for stamsøknaden.

Søklar/innehavar

Før opp namnet til søkjaren/innehavaren. Det er valfritt å føre opp adressa. Dersom søkjaren/innehavaren har eit kundennummer i Patentstyret, ber vi deg føre opp dette.

Underskrift

Søkjaren/innehavaren må signere skjemaet. Vi godtek kopi av skjemaet så sant det kjem tydeleg fram kva som står der. Blir skjemaet brukt ved overføring av fullmakt, kan fullmektigen underteikne det. Om det står fleire søkjarar bak same søknad, må alle søkjarane stadfeste fullmektigforholdet. Har søkjarane forskjellig adresse, må dei levere kvar si underteikna fullmakt.

Forretningsløyndomar

Du kan be om at forretningsløyndomar ikkje vert offentleggjorde. Ei slik oppmoding må vere skriftleg. I tillegg må du tydeleg markere kva for opplysningar i dokumentet som du ikkje vil at vi skal offentleggjere. Vi vil deretter vurdere om vi kan unnlate å offentleggjere opplysningane.

Personopplysningar

Styrelova og patent-/design-/varemerkelova krev at ein sender inn visse personopplysningar. Patentstyret behandlar desse opplysningane med elektroniske hjelpemiddel i samband med registrering og journalføring i dei registra vi administrerer. Eit av formåla med registreringa og journalføringa av personopplysningar er at innehavarane skal kunne bevise overfor tredjemenn at dei er innehavar av retten. Opplysningane er offentlege og vil bli utleverte blant anna i samband med førespurnader om utskrift frå registeret. Opplysningane vil også bli gjorde tilgjengelege for andre, for eksempel ved online oppkopling mot basen. Når det blir kravd, vil Patentstyret rette feil og gi innsyn i alle personopplysningar som er førte inn om einskildpersonar.